

KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/22/05

av 10. mars 2004

om fastsetjing av overgangstiltak som Ungarn skal nytte med omsyn til veterinærkontroll med levande dyr som vert innførte til Ungarn frå Romania(*)

[meldt under nummeret K(2004) 724]

(2004/253/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til tilmeldingstraktaten for Den tsjekkiske republikken, Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Ungarn, Malta, Polen, Slovenia og Slovakia, særleg artikkel 2 nr. 3,

med tilvising til rådsdirektiv 91/496/EØF av 15. juli 1991 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av dyr som innføres til Fellesskapet fra tredjestater, og om endring av direktiv 89/662/EØF, 90/425/EØF og 90/675/EØF⁽¹⁾, særleg artikkel 17b,

med tilvising til akta av 2003 om tilmelding til Den europeiske unionen for Den tsjekkiske republikken, Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Ungarn, Malta, Polen, Slovenia og Slovakia, og tilpassinga av dei traktatane som er grunnlaget for Den europeiske unionen, særleg artikkel 42, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Ungarn har fått ein overgangsperiode på tre år med omsyn til den ordninga med veterinærkontrollar av levande dyr som skal gjennomførast på grensa til Romania.
- 2) Det bør fastsetjast tiltak som skal sikre at dei ungarske styresmaktene i dette tidsrommet gjennomfører alle kontrollar som er fastsette i direktiv 91/496/EF.
- 3) I lys av dei igangverande tingingane med Romania om tilmeldinga av Romania til Den europeiske unionen er det ikkje føremålstenleg å fastsetje krav om at det vert skipa anlegg for kontroll av levande dyr på grensepasseringsstader mellom Ungarn og Romania.
- 4) Difor bør det i overgangsperioden gjerast tiltak for at kontrollane kan utførast på kontrollstader som ligg nær grensa mellom Ungarn og Romania, og som har samband med passeringsstadene. Gjennomføringa av dei relevante føresegnene i direktiv 91/496/EØF bør tilpassast tilsvarende.
- 5) I samsvar med artikkel 53 i tilmeldingsakta skal nye medlemsstatar reknast for å ha motteke melding om dette vedtaket ved tilmeldinga.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 79 av 17.3.2004, s. 47, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 44/2005 av 29. april 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 46 av 15.9.2005, s. 1.

⁽¹⁾ TEF L 268 av 24.9.1991, s. 56. Direktivet endra ved tilmeldingsakta av 2003 (TEU L 236 av 23.9.2003).

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Verkeområde

På grensa til Romania skal Ungarn gjennomføre føresegnene i kapittel I i direktiv 91/496/EØF frå 1. mai 2004 fram til 30. april 2007 i samsvar med føresegnene i dette vedtaket.

Artikkel 2

Definisjonar

I dette vedtaket tyder

1. «passeringsstad» ein stad på grensa mellom Ungarn og Romania der levande dyr skal visast fram med sikte på innførsel til Fellesskapet, og der dei skal kontrollerast i samsvar med direktiv 91/496/EØF slik direktivet er tilpassa ved dette vedtaket.
2. «kontrollstad» ein stad nær grensa mellom Ungarn og Romania der kontrollane av levande dyr skal gjennomførast i samsvar med direktiv 91/496/EØF slik direktivet er tilpassa ved dette vedtaket.

Artikkel 3

Tilpassing av veterinærkontrollar

Føresegnene i kapittel I i direktiv 91/496/EØF og dei tilhøyrande gjennomføringsføresegnene skal nyttast på veterinærkontrollar av levande dyr som vert førde inn i Ungarn frå Romania, i samsvar med følgjande tilpassingar:

- a) i artikkel 3 nr. 1 bokstav a), artikkel 4 nr. 1, artikkel 8 del A nr. 1 bokstav a) og artikkel 12 nr. 1 bokstav c) i direktiv 91/496/EØF vert «grensekontrollstasjon» bytt ut med «passeringssted»,
- b) i artikkel 3 nr. 1 bokstav b) og c), artikkel 4 nr. 2, artikkel 7, artikkel 8 del A nr. 2, artikkel 9 og artikkel 10 i direktiv 91/496/EØF vert «grensekontrollstasjon» bytt ut med «kontrollsted»,
- c) Artikkel 6 i direktiv 91/496/EØF skal ikkje nyttast.

*Artikkel 4***Krav til kontrollstader**

Kontrollstadene skal stette dei krava som er fastsette i vedlegg I.

*Artikkel 5***Særlege krav til drifta av passeringsstader og kontrollstader**

1. Alle levande dyr som vert viste fram på grensa mellom Romania og Ungarn for innførsel til Fellesskapet, skal transporterast på veg til den passeringsstaden som er førd opp i vedlegg II.
2. Passeringsstaden skal ha samband med dei kontrollstadene som er førde opp i vedlegg III. Dei veterinærtene som har ansvaret for grensekrollane, skal òg ha ansvaret for passeringsstaden og dei tilsvarande kontrollstadene.
3. Levande dyr skal straks flyttast frå passeringsstaden til dei tilsvarande kontrollstadene under tilsyn av tollstyresmaktene, og dei skal følgjast av personale frå den rette styresmakta. I tillegg skal den lokale styresmakta som har ansvaret for passeringsstaden, per telefaks melde frå til den offentlege veterinæren som har ansvaret for den aktuelle kontrollstaden, om kvart parti som vert sendt.

*Artikkel 6***Gjennomføring**

Dei ungarske styresmaktene skal fastsetje gjennomføringsføresegnene for dette vedtaket, særleg med omsyn til sanksjonar som skal nyttast på brot på artikkel 5 nr. 1 og 3 som vert

gjorde av fysiske eller juridiske personar, og skal gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at dei vert gjennomførde. Desse sanksjonane skal vere verknadsfulle, svare til brotet og hindre nye brot. I alvorlege tilfelle kan dei omfatte destruering av dyra i samsvar med føresegnene i artikkel 12 i direktiv 91/496/EØF. Dei ungarske styresmaktene skal seinast 1. mai 2004 melde frå til Kommissjonen om desse føresegnene og straks melde frå om eventuelle seinare endringar av dei.

Artikkel 7

Dette vedtaket skal nyttast med atterhald for at og frå den dagen då tilmeldingsakta tek til å gjelde.

Artikkel 8

Dette vedtaket skal nyttast fram til 30. april 2007.

Artikkel 9

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 10. mars 2004.

For Kommissjonen

David BYRNE

Medlem av Kommissjonen

VEDLEGG I

Kontrollstadene skal ha følgende utstyr og personale:

1. anlegg (som helst skal vere lette å reingjere og desinfisere) til å laste og losse dei ulike vegtransportmidla, til å kontrollere, føre, vatne og stelle dyra, og med tilstrekkeleg plass, lys og ventilasjon for det talet på dyr som skal kontrollerast. Anlegga skal verne dyra tilstrekkeleg mot vêret til alle årstider,
2. lokale som er tilstrekkeleg store for det personalet som skal utføre veterinærkontrollane, medrekna garderober, toalett og høveleg utstyr til reingjering og desinfisering av personalet,
3. lokale og utstyr som eignar seg til prøvetaking for dei rutinekontrollane som er fastsette i fellesskapsreglane,
4. eit effektivt kommunikasjonssystem mellom passeringsstaden og kontrollsentra,
5. utstyr og anlegg til reingjering og desinfisering,
6. tilstrekkeleg mange veterinærar og særleg opplærte medhjelparar i høve til det talet på dyr som skal handsamast, til at dei kontrollane som er fastsette i direktiv 91/496/EØF, kan gjennomførast.

VEDLEGG II

Nagylak

VEDLEGG III

Kontrollstader:

Kontrollstad nr. 1: Horse Farm, Magyarcsanád, Külterület, 0180/115.

Kontrollstad nr. 2: Nagylak, Határátkelo, HRSZ 031/8.
